



Fruktprognose pr. 1. juli 2020 frå Fruktlagerinspektøren

Fruktavlinga i år ser ut til å verte redusert med ca 30% samanlikna med 2019. Årsaka er lang blomstringstid, kulde og noko vekselbering då sesongen 2019 var ein svært god sesong. Den største svikten er for plommer, der vert det meir enn ei halvering av mengda.

I 2018 var det første året produsentane søkte produksjonstilskot utan at frukta var levert gjennom fruktlager eller andre omsetningsledd. Tala frå Landbruksdirektoratet viser at det var større avlingar enn det som vert omsett gjennom fruktlagera. I 2019 var det ca **1000 tonn** frukt utanom fruktlagera. Fruktlagerinspektøren arbeider med å få eit oversyn over kor desse voluma som vert omsett utanom fruktlagera kjem ifrå.

Tabellen viser samla fruktavling for 2019 i tonn samanlikna med avlingane frå 2010 til 2019 – i tillegg har vi prognose for sesongen 2020 og for 2023.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
Eple	7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	6305*	10 033
Pærer	220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	440	500*
Plommer	1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	830	1 919
Moreller	329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	408	880
Sum	9 173	6726	7303	8 652	9 716	6 872	9 435	9 192	10 108	11038	7983**	13 332

*Det kan verte ein reduksjon då det torsdag 2. juli kom ei haglskur i Telemark som ein ikkje veit omfanget/konsekvensen av endå.

**I tillegg vil marknaden ta imot ca 700-800 tonn frukt utanom fruktlagera.

Morellprognose 2020

Morellprognosen viser at avlinga kan verte ca 400 tonn i 2020. Det er noko mindre avling enn i 2019.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	408	880

Haustinga av tidlegsortar starta i veke 28 medan dei seine sortane startar i veke 29/30. Det største volumet kjem i vekene 31, 32 og 33.

Plommeprognose 2020

For plommer vert avlinga mykje mindre enn i fjor, som var eit av dei store avlingsåra. Samanlikning av årets plommeprognose med tidlegare års plommeavling må vi tilbake til 2012 for å finna same mengde. Prognosen seier ca 60% reduksjon i høve til 2019.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	830	1 919

Det kan bli haustestart i veke 32. Hovudtyngda vil kome i vekene 34, 35 og 36, dvs. i tidsrommet frå ca. 17. august til ca. 6. september.

Pæreprognose 2020

Pæreprognosen viser at det vert mykje større avling i år enn i fjor. Det vert på nivå med 2018.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	440	500*

Epleprognose 2020

Epleprognosen syner at det truleg vert avling som er 70-75% av fjoråret. Tidlegeple kjem i midten av august og Discovery, slik det ser ut i dag, kjem i veke 34/35.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	6305	10 033

I midten av juli veit vi endå meir om årets fruktavling. Det har vore vanskeleg å prognosera for fruktlagera denne sesongen. Neste prognose kjem 1. august.

Lofthus 6. juli 2020

Leif Øie